



Saksframlegg

Gjennomgang av kommunale tilskotsordningar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

I sak 15/26 gjorde kommunestyret følgjande einstemmige vedtak i sak om utviding av Moghus bustadfelt:

- Kommunestyret vedtek å setje i gang prosjektering og bygging av Moghusfeltet del 2, for etablering av nye bustadtomter.
- Utbygginga av Moghusfeltet del 2 vert lånefinansiert.
- Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere justeringar i planløyising og teknisk utforming som følgje av prosjektering, grunnforhold eller andre faglege vurderingar. Dette for å legge til rette for nokon fleir tomter enn kva gjeldande plan tilseier.
- Plan- og miljøutvalet får fullmakt til å godkjenne justeringar som nemnt i punkt 3.

Under handsaming av saka blei det fremma følgjande tilleggsvedtak som også blei einstemmig vedteke:

- Kommunestyret ber administrasjonen om å utrede ei sak om tomtepris og et kommunalt tilskot til nybygg og renovering for private.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Når ein skulle starte å sjå på moglegheitene for eit nytt tilskot til nybygg og renovering for private slik kommunestyret har bedd om, kom det opp fleire spørsmål kring dei tilskotsordningane som kommunen i dag har. Det kom opp spørsmål om nokre skulle avviklast, om det var noko som mangla og om nivåa på tilskota var riktige.

Fyresdal kommune har i dag følgjande tilskotsordningar:

- Tilskot til sanitæranlegg og energieffektivisering
- Tilskot til vedlikehald av private vegar
- Lønstilskot til sommararbeid for skuleelevar
- Støtte til oppkøring av skiløyper

Tilskota vart revidert sist gong i 2022. Når det nå kjem opp spørsmål om å opprette nye tilskot meiner kommunedirektøren at det er lurt å ta ein gjennomgang av alle tilskota, slik at vi har rett vinkling på tilskota kommunen ynskjer å ha for å stimulere samfunnsutviklinga.

Kommunedirektøren foreslår å sette ned ei arbeidsgruppe som jobbar fram eit forslag som leggast fram for kommunestyret til handsaming. Kommunedirektøren stiller med sekretær for arbeidsgruppa, og foreslår at det blir velt ein person frå Arbeiderpartiet og ein person frå Senterpartiet til arbeidsgruppa.

Konklusjon:

Kommunedirektøren meiner at det gjerast ein gjennomgang av dagens tilskotsordningar for å innlemme forslag om tilskot til bustadbygging for private og vurdere dei fire tilskota ein har i dag. I tillegg må det vurderast om det er noko ein manglar i dagens reglar, samt nivå på tilskota.

Kommunedirektøren meiner at det bør settast ned ei arbeidsgruppe med to politiske representantar som saman med sekretær frå administrasjonen fremmar forslag til nytt regelverk for tilskot.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret sett ned ei arbeidsgruppe med to politiske representantar som skal fremme forslag til revidert regelverk for tilskot, med utgangspunkt i dagens regelverk og forslaget om nytt tilskot til bustadbygging. Arbeidsgruppa skal også vurdere om det er andre behov for tilskot som må vurderast. Kommunedirektøren stiller med sekretær for arbeidsgruppa.

Representant:

Representant:

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør